

# Kapitalen og klimaet

Skandekomiteen vil at Stortinget skal få bedre innsikt i omfanget av klimarisiko i Oljefondet sine investeringar.

## Klima Klaus Mohn



Opposisjonen på Stortinget er skuffa over rapporten frå ekspertgruppa for Oljefondet sine investeringar i fossil-aksjar, som blei presentert førre veke. Dei er ikkje åleine. Frå frivillige organisasjonar og forskarhald har det hagla med innvendingar mot hovudkonklusjonane frå ekspertgruppa om at fondet ikkje bør brukast som eit klimapolitisk verktøy, og at klimaspørsmål ikkje kan påverkast effektivt gjennom automatisk utelukking av fossil-aksjar frå fondet.

Omfanget av dette vonbrotet er overraskande. Først fordi spørsmålet om klimaomsyn i kapitalforvaltninga i realiteten ikkje var med i mandatet for denne ekspertgruppa. Dermed kunne ein umuleg håpa på ein konklusjon om at fondet burde trekke ut fossil-aksjar.

I tillegg ser kritikarane ut til

å ha gått glipp av fleire nye initiativ frå ekspertgruppa, som vil trekke merksemd og medvit rundt klimaspørsmål direkte inn i strategiprosessen rundt Oljefondet sine investeringar. Dette er nye takter, og legg eit grunnlag som gjer det langt enklare å heve ambisjonane for klimaomsyn i kapitalforvaltninga på eit seinare tidspunkt.

Ekspertutvalet foreslår mellom anna ei styrking av eigarskapsutøvinga, samt eit nytt klimarelatert kriterium for utelukking. Ei slik justering av retningslinjene opnar for etisk evaluering av åtferd som er skadeleg for klimaet. Diskusjonen rundt det klimarelaterte kriteriet legg lista for utelukking høgt, med sikte på å ramme dei aller verste selskapa. Samstundes overlèt utvalet spesifikk tolking og evaluering av det nye kriteriet til Etikktutvalet. Dermed etterlet ein rom både for skjønn og for vidareutvikling i lys av generelle klimapolitiske omsyn.

Vel så viktig er ekspertutvalet si understreking av at Stortinget må få grunnlag til å forstå klimarisikoen i Oljefondet og korleis denne blir handtert. Difor tilrår utvalet fleire og betre rutinar for måling og rapportering av klimarelatert risiko, samt betre kommunikasjon om korleis klimarisiko grip inn i investeringsstrategi og avgjerder om plasseringar frå fondet si side.

Stortinget skal altså få betre innsikt i omfanget av klimarisiko



Opposisjonen på Stortinget er skuffa over rapporten frå ekspertgruppa for Oljefondet sine investeringar i fossil-aksjar, skriv artikkelforfattaren. Her frå brunkullbrottet Jämschwalde, nordøst i Tyskland.

Foto: Christian T. Jørgensen

i Oljefondet sine investeringar. Før slike system er på plass er det vanskeleg for politikarane å vite om denne risikoen er akseptabel eller ei. Med gode system for måling og rapportering av klimarisiko er styring av denne risikoen eit naturleg neste steg.

Dette opnar for at Stortinget på eit seinare tidspunkt kan sette rammer for klimarisiko, som sidan blir følgt opp gjennom effektiv tilpassing av porteføljen i Oljefondet. Slike rammar kan i

tillegg strammast inn over tid, for å ivareta eventuelle ambisjonar om at karbonavtrykket frå Oljefondet sine investeringar skal reduserast i tråd med andre klimapolitiske mål.

Eit visst atterhald mot eksternt påtrykk er på sin plass i forvaltninga av 6000 milliardar kroner. Saman med profesjonalitet, openheit og gode resultat har sunn varsemd skapt eit omdømme rundt Oljefondet som det er viktig å verne om.

Rapporten frå ekspertutvalet for Oljefondet sine investeringar i fossil-aksjar står støtt i denne tradisjonen, samstundes som han etterlet interessante opningar for klimaomsyn i kapitalforvaltninga på seinare tidspunkt - om politikarane vil det slik.

**Klaus Mohn**, professor, Handelshøgskolen ved Universitetet i Stavanger og professor II, Norges Handelshøyskole



Gi et helgeabonnement i julegave.



**399,-**  
42% rabatt

Gi noe interessant til den interesserte: Dagens Næringsliv, D2 og vårt lørdagsmagasin hver helg i 3 mnd for 399,-. Bestill på [dn.no/julegave](http://dn.no/julegave) eller ring 815 11 815, så sender vi deg et fint gavekort.